

Her kjem innspel til klimaplan for Vest-Telemark frå Tokke skogeigarlag. Styret handsama innspela på styremøte 31/1-22 og har følgjande merknadar til planen:

Framlegg om at dykk tek ut det i gul tekst og legg inn det med raud tekst.

#### Merknadar til grunnlaget:

Side 8: Vest-Telemark på lag med naturen Så som utviklinga av vasskraft og eit berekraftig landbruk.

Side 10: .....i møte med framtida. Hogst, tett planting og ungsogpleie i tråd med Levende skog standarden er gode verkemiddel for å nå målet om berekraftig skogbruk.

Side 19: Vasskraft gjev både energi og kapital, men magasinregulering kan og ta av mykje av dei største flaumtoppane,....

Nokre Mange mindre anlegg og småkraftverk har kome dei seiste åra, mykje i privat regi.

Side 21: bygg, og kanskje på sikt setje krav om tilrettelegging for bildelingsordningar i reguleringsplanbestemmelsar, eventuelt i kombinasjon med incitament for å etablere det der marknaden ikkje løyser det.

Side 25: ....store areal på Hardangervidda bli skogsette. Det gjev rom for kommunane til å vurdere verneskoggrensa.

Side 36: Det må og presiserast at dette er eit område med mykje uvisse, og ein stadig lærer meir, noko ein må ta høgde for i korleis me forholdt oss til naturen, det talar for å revidere planen kvart fjerde år.

Side 37: I tillegg har dei lokale fagmiljøa vorte mindre, noko som medfører dårlegare oppfølging frå offentlege aktørar. I nokre av Vest-Telemark kommunane har fagmiljøa vorte mindre, noko som medfører dårlegare oppfølging frå offentlege aktørar i desse kommunane.

Side 39 Til tross for tilskotsordningar og bruk av skogfond er det eit stort etterslep på dette ungsogpleie i alle Vest-Telemark kommunane med unntak av Nissedal og Fyresdal. og Resultatet.....

Side 41: I kommunar (Tokke) der store områder av skogen verna eller planlagt verna, vert det desto viktigare å kunne nytte attverande skog på ein så produktiv måte som råd.

Side 56: blir konsentrert om fylgjande: 1. ....ladeinfrastruktur og vurdere fylling av hydrogen og biogass. 4. Sykkelbygd.

Ein vil åtvare mot tynningshogst eller plukkhogst i bratte lier, då skader i barken på trea er meir regelen enn unntaket, noko som igjen fører til rote på trea som står att. Inntil vidare vil snauhogst vera det beste alternativet for å sikre eit berekraftig skogbruk i lier.

Dette gjer at ungsogpleie vert endå viktigare i bratt terreng med god bonitet. Fint om dette vert teke inn i nærleiken av side 39.

#### Innspel til handlingsprogrammet:

##### **Arealforvaltning**

Sikre bygging av lettstelte leilegheiter i kommunesentra for personar som ikkje har tilgang til eigen bil/førarkort. Dette kan redusere trongen for transport, og auke interessa for sal av skog og landbrukseigendomar.

## Jordbruk

Stimulere til utviding og etablering av produksjon av honning.

.....skal stimulere og informere om dyrking av frukt og grønt.....Som ein del av dette vil det offentlege vurdere å stimulere til etablering av fruktlager.

Kommunane vil medverke til etablering av solcelleanlegg på landbruksbygg.

## Skogbruk

Sikre avsetning av biovirke, enten ved etablering av areal for flising og uttransport av biovirke, eller lokalt bruk av biovirke saman med AT Skog. (Kan motverke attgroing, og styrke økonomien i skogbruket). Det er ei utfordring at det er ein del svinn, dvs. unytta restvirke etter hogst, ei løysing for biovirke i Vest-Telemark vil redusere svinn etter hogst.

Heve verneskoggrensa for å auke produktivt skogareal i tråd med betra bonitet og klimaendringar. (Kan auke opptaket av CO2 og styrke økonomien i skogbruket)

Felles kurs i ungsogpleie for 16 åringar i Vest-Telemark kvar vår. (Kan auke interessa for skogbruk og sysselsetjing av skuleungdom, og auke CO2 opptaket og styrke økonomien i skogbruket)

Ta initiativ til at KVITO organiserer sal av ved for lokale produsentar mot provisjon. (Kan gje fleire arbeidstrening, og styrke økonomien i skogbruket)

Avhengig av kommunen sin økonomi og dialog med Statsforvaltaren gje tilskott til planting. (Kan auke CO2 opptaket og styrke økonomien i skogbruket).

## Sirkulærøkonomi og avfall

Anskaffe spreievogn for slam til utlån til jordbruket, tilsvarende som i Grenland.

## Transport

Utgreie om kommunane i Vest-Telemark kan og bør ta ei leiande rolle i etablering av bildeling, dersom marknaden ikkje løyser dette innan 2024.

Ber om at du Per sender PDF versjon av klimaplanen til oss i styret då lenka ikkje fungerer lenger, og at vi får tilsendt lenka når endeleg klimaplan er vedteke.

Venleg helsing

Tokke skogeigarlag  
Tore Felland Storhaug  
Mobil: [47 41 54 82](tel:47415482)